



30.1.2023

NVE
uttalelse@nve.no

Høyring av melding om etablering av dam i Svanselva for snøproduksjon, Sula kommune i Møre og Romsdal

Dykkar ref. : saksnummer 202215980

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal sender fråsegn i denne saka, i samråd med Naturvernforbundet i Ålesund og omegn.

Sula kommune er ein liten kommune som har berre eitt fjell, Sulafjellet. I denne kommunen er det ganske få og små vassdrag. Det er dermed ofte tale om at det ikkje er meir enn ein av kvart slag, og i alle fall ikkje så rikeleg at det ikkje gjer noko om ting blir endra eller blir borte.

Friluftsliv

Sulafjellet er eit mykje bruka turmål i kommunen, ganske sjølvsagt når ein ser at det ikkje er så mange alternativ. Det går stiar både eine og andre plassen, i tillegg til at ein lett kan gå utanom stiar, både sommar og vinter. Natur med få og enkle inngrep gjer at området har ein særleg verdi. Dei som har behov for meir tilrettelegging har det i rikeleg monn nærare busettinga.

Natur

Området der dammen er planlagt er dei siste åra kartlagd noko av Rådgivende Biologer AS. Arealet med dammen ligg heilt i utkanten av det som er kartlagd og arealet der dammen er planlagt er det einaste arealet som ikkje er ein raudlista naturtype. Dermed er det ikkje sagt noko om kva naturtype det er tale om (Sannsynleg jordvassmyr med flekkar av lynghei) og heller ikkje noko om artar som finst der. Det einaste som er kjent er at det er observert kvartbekkasin i området i 2016. Ikkje så langt unna finst eit samlepunkt med mange observasjonar. Generelt for desse er at ein ikkje veit kvar i området dei er observert. Dei kan utmerka godt vere registrert i området der dammen er planlagt. Dei artane som er raudlista er som følgjer:

rødstilk	NT
gjøk	NT
tyrkerdue	NT
tjeld	NT
heilo	NT
sanglerke	NT
taksvale	NT
stær	NT
gråspurv	NT
ærfugl	VU
gråmåke	VU
fiskemåke	VU
sivhøne	VU
sothøne	VU
grønnfink	VU
gulspurv	VU
granmeis	VU
storspove	EN
krykkje	EN
makrellterne	EN
lappspurv	EN
vipe	CR
hettemåke	CR

Klima

Dammen som er omsøkt skal bøte på mangelen av snø. Ein mangel som i alle fall til ei viss grad skuldast at vi bruker mykje energi av alle slag til alt mogleg og umogleg. Verknaden prøver vi å motverke ved å bruke endå meir energi.

I ein del høve blir det søkt om inngrep i vassdrag for å skaffe til vege meir energi som vi stadig vekk har for lite av. I denne saka går tiltaket ut på å bruke meir energi i form av å pumpe vatn for å lage snø, altså det motsette av eit kraftverk. Attpå vil ein øydelegge eit karbonlager i form av myr, og øydelegge myra slik at ho ikkje kan samle meir karbon.

Omsøkte tiltak har altså negativ effekt med omsyn til å kunne nå klimamål i framtida.

Anna

Det anar oss at driftinga av dammen kan auke negative verknader av dammen. Det ser ut som ein har tenkt å samle opp vatn i slutten av hausten, så ein både kan bruke vatn samla tidlegare og dessutan dei siste skvettane før vinteren kjem for alvor. Dermed kan ein få til ei såle på 20-25 cm. Ei såpass tynn såle fører til behov for ei omfattande planering av arealet som skal snøleggast. Det blir ikkje plass til lyng og kratt som er bra for hønsefuglane som det sto om i fuglerapporten.

Viss ein samlar dei siste dropane, så hindrar ein desse å fylle opp grunnvatnet nedover langs vassdraga før bakken frys til og det minkar på påfyllet til grunnvatnet. Kor stor verknaden er av dette veit vi ikkje, men vi nemner temaet.

Det kan sjå ut som det er meininga å fylle opp dammen fortast mogleg når det først kjem vatn i terrenget. Det er mogleg ein slik strategi vil dempe flaum. Flaum er ein naturleg mekanisme i vassdrag, så det er ikkje nødvendigvis ønskjeleg å dempe flaumar. Vi ser for oss at ein bør vurdere nærare korleis ein slik dam skal fyllast.

Elles vil tiltaket føre til at 40% av vatnet vil hamne i eit anna vassdrag enn før. Det er sagt at dette utgjer svært liten skilnad på årsbasis. Vi ser for oss at dette kanskje bør vurderast også på periodebasis, for periodar då endringa er størst. Som nemnt er ikkje Sula eller Sulafjellet så stort, så ein har ikkje mange av kvar.

Konklusjon

Det er mange typar interesser knytt til Sulafjellet. Området kan vere verdifullt for ei rad raudlista fugleartar. Floraen i området er ukjent. Tiltaket endrar fordelinga mellom vassdrag. Prosjektet vil gjere det vanskelegare å nå klimamåla. Det skulle vere rikeleg med grunnar for at det ikkje kan gjevast fritak frå konsesjonsplikta i denne saka.

Det kan sikkert tenast pengar på tiltaket, men Flakk Gruppen har evne til å tene pengar på andre tiltak som har langt mindre negative verknader.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær